



Møtebok

Utval: Fjordane IPR
Møtestad: Florø- Representantskapsmøte
Dato: 22.03.2024
Tid: Kl. 12:30 - 13:30

Følgjande medlem møtte

Anne Kristin Førde
Arnar Kvernevik
Bengt Solheim-Olsen
Gunn Åmdal Mongstad
Jenny Følling
Leif Jarle Espedal
Ole André Klausen
Per Kjøllesdal
Sigurd Erlend Reksnes

Parti

SP

Forfall

Kjell Eide
Petter Sortland

Parti

Varamedlem

Geir Helge Østerbø

Parti

Møteleiar: Jenny Følling

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
24/010	Godkjenning av innkalling og sakliste
24/011	Godkjenning av møteprotokoll
24/012	Referatsaker
24/013	Årsmelding 2022 og 2023
24/014	Handlingsplan 2024
24/015	Budsjett 2024
24/016	Revidert samarbeidsavtale - Fjordane IPR



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 24/13204
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 15.03.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/010	Fjordane IPR	22.03.2024

Godkjenning av innkalling og sakliste

Leiar si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Fjordane IPR 22.03.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/010 Vedtak:

Leiar si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 24/11187
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 06.03.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/011	Fjordane IPR	22.03.2024

Godkjenning av møteprotokoll

Leiar si tilråding:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.

Vedlegg i saka:

12.02.2024 Protokoll - Fjordane IPR - 07.02.2024

1643454

Fjordane IPR 22.03.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/011 Vedtak:

Leiar si tilråding:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 24/13205
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 15.03.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/012	Fjordane IPR	22.03.2024

Referatsaker

Leiar si tilråding:

Refererte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Fjordane IPR 22.03.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/012 Vedtak:

Leiar si tilråding:

Refererte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.



Arkiv: FE-033, FE-026
JournalpostID: 24/13082
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 14.03.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/013	Fjordane IPR	22.03.2024

Årsmelding 2022 og 2023

Bakgrunn for saka:

Årsmelding for Fjordane IPR for åra 2022 og 2023 vert lagt fram for rådet.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Fjordane IPR godkjenner årsmeldinga slik den er lagt fram.

Vedlegg i saka:

15.03.2024 Årsmelding Fjordane IPR 2022 og 2023 1655267

Fjordane IPR 22.03.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/013 Vedtak:

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Fjordane IPR godkjenner årsmeldinga slik den er lagt fram.

Saksopplysningar:

I følgje samarbeidsavtalen til Fjordane IPR skal representantskapen vedta årsmelding. Fjordane IPR har ikkje levert årsmelding for 2022 og difor vert det i år levert ei samla årsmelding for dei to siste åra. Årsmeldinga synleggjer aktivitetar, orienteringar og høyringar som ein har gjennomført i åra som den gjeld for.

Årsmeldinga er grunnlaget for å få utbetalt støtte frå fylkeskommunen og skal gjerast innan mars året etter.



Arkiv: FE-033, FE-026
JournalpostID: 24/13083
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 14.03.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/014	Fjordane IPR	22.03.2024

Handlingsplan 2024

Bakgrunn for saka:

Representantskapen skal vedta ein handlingsplan for 2024. Handlingsplanen tek utgangspunkt i dei naturlege oppgåvene til interkommunalt politisk råd, samstundes som ein peikar ut ei retning for satsingar som ein ønskjer å arbeide vidare med.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Representantskapen vedtek handlingsplanen for 2024 slik den er lagt fram.

Vedlegg i saka:

15.03.2024 Handlingsplan Aktivitetsplan 2024 Region Fjordane 1655480

Fjordane IPR 22.03.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/014 Vedtak:

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Representantskapen vedtek handlingsplanen for 2024 slik den er lagt fram.

Saksopplysningar:

I 2023 vart det utarbeidd ein utviklingsplan for Region Fjordane. Denne peika på ein del overordna områder som ein plattform for det vidare arbeidet i Region Fjordane.

Dei overordna strategiske retningane er

1. Fjordane som ein viktig verdiskapingsregion regionalt og nasjonalt.
2. Interessepolitisk samarbeid – vere ein sentral pådrivar for å styrke Fjordane .
3. Klima og miljø skal vere premiss for samfunnsutvikling i Fjordane.
4. Sikre god lokalsamfunn og marknadsføre Fjordane som ein attraktiv bu og arbeidsregion.
5. Samarbeid i regionen for å nå måla.

Utviklingsplanen er eit utgangspunkt for den vidare strategiske satsinga som ein ønsker for Region Fjordane. Samstundes har ein i dei politiske drøftningane gitt signal om at ein dei strategiske prosessane på dei områda som er mest formålstenleg. Det er særleg desse områda ein har peika ut:

- Kraftstrategi for Fjordane
- Næringsplan (inkludert reiseliv og næringshageprogram)
- Klimaplan
- Transportplan
- Administrativt samarbeid

Vurdering:

Den framlagde handlingsplanen legg fram blir lagt fram i to delar. Den fyrste delen tek synleggjer kvar for områder ein ønskjer særleg å legge vekt på i 2024. I denne delen bør rådsmedlemmane vurdere ambisjonsnivå og involvering på dei ulike områda.

I den andre delen av handlingsplanen er tabellen knytt opp mot aktivitetar som høyrer til interkommunale politiske råd. Aktivitetane er knytt til drift, møter og påvirkningsarbeid.

Fjordane IPR og regionsamarbeidet er framleis i ein oppstartsfase der ein må ha fokus på rutiner, nettside, knytte til seg regionale samarbeidspartar og utvikle strategiar for det vidare arbeidet.

Økonomiske konsekvensar:



Arkiv: FE-033, FE-026
JournalpostID: 24/13080
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 14.03.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/015	Fjordane IPR	22.03.2024

Budsjett 2024

Bakgrunn for saka:

Representantskapen skal etter vedtektene vedta budsjett 2024 for Fjordane IPR.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Representantskapen vedtek budsjettet slik det er lagt fram i saka.

Fjordane IPR 22.03.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/015 Vedtak:

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Representantskapen vedtek budsjettet slik det er lagt fram i saka med ei endring; Driftsavtale 75.000 kr og heimstide 125.000 kr.

Saksopplysningar:

Fjordane IPR har lagt opp til drift som er naturleg for eit interkommunalt politisk råd. Utgiftene og inntektene samsvarar med den aktiviteten som ein har lagt opp til i 2024.

Fjordane IPR har 300.000 kr på disposisjonsfond, dette er støtte om Fjordane IPR fekk hausten 2023 frå fylkeskommunen. Fjordane IPR har brukt interne ressursar til drifta av

Fjordane IPR i 2023 og midlane er satt på disposisjonsfond til utgreiing og oppstart av nye prosjekt og satsingar som ein ønsker å prioritere i handlingsplanen.

Budsjettpostar	Utgifter	Inntekter
Lønn 50% stilling	500000	
Driftsavtale vertskommune	70000	
Møteverksemd	150000	
Formannskapskonferansen	100000	
Kjøp av tenester	200000	
Heimeside/ profilering	130000	
Kommunalt bidrag (50.000 pr kommune)		550000
Vestland fylkeskommune		600000
Innbyggjarandel pr kommune		0
	1150000	1150000

Fjordane IPR – Fondskonto: 300.000 kr

Vurdering:

Fjordane IPR er godt i gong med drift av det politiske rådet. Samstundes er det ambisjonar om å arbeide strategisk på ulike områder. Dette er ikkje tatt høgde for i 2024.



Arkiv:

JournalpostID: 24/13060

Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes

Dato: 14.03.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/016	Fjordane IPR	22.03.2024

Revidert samarbeidsavtale - Fjordane IPR

Bakgrunn for saka:

Det er gjort nokre justeringar i samarbeidsavtalen i samband med at Høyanger blir tatt opp som medlem i Fjordane IPR. Det er gjort enkle justeringar slik at samarbeidsavtalen samsvarar med slik rådet vert drifta i dag.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Fjordane IPR godkjenner avtalen slik den er lagt fram.

Vedlegg i saka:

15.03.2024	samarbeidsavtale- kommentar og rettingar	1655481
15.03.2024	Ny samarbeidsavtale	1655482

Fjordane IPR 22.03.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/016 Vedtak:

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Fjordane IPR godkjenner avtalen slik den er lagt fram.

Saksopplysningar:

Fjordane IPR vart etablert mars 2022 og har sidan den tid arbeidd med å finne ei form som høver for kommunane. Den gamle samarbeidsavtalen med endringar ligg ved saka slik at ein kan sjå kva for endringar som er gjort i samarbeidsavtalen. Samarbeidsavtalen er i samsvar med kommunelova § 18 som gjeld for interkommunale politiske råd.

Endringar i samarbeidsavtale er td at ein har endra Fjordane IPR til at det ikkje er eit sjølvstendig rettsobjekt og at Høyanger er lagt til som medlem. I tillegg er det gjort ei lita endring knytt til to års funksjonstid for leiar av rådet og leiar av kommunedirektørnettverket. Bakgrunnen for denne endringa er knytt til kontinuitet og oppfølging av saker.

Det er lagt til eit nytt punkt 11 g. som seier noko om kven som har arkivansvar for det interkommunale samarbeidet. I dette punktet legg ein arkiveringsansvaret til den kommunen som styret avgjer. I dette tilfelle vil det vere den kommunen Fjordane IPR har driftsavtale med.